

## BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

### MØTEINNKALLING

**Dato:** onsdag 10. juni 2020  
**Tid:** kl. 18.00  
**Sted:** Allrommet (NB), Boknatun

**Forfall meldes til:** Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller  
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: [post@kontrollutvalgene.no](mailto:post@kontrollutvalgene.no)

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli kalla inn særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

---

#### Saksliste:

- 6/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 12.02.20**
- 7/20 Orientering frå administrasjonen - rådmannen**
- 8/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråver i skule og barnehage»**
- 9/20 Bokn kommune - årsrekneskap 2019 – utvalet si uttale**
- 10/20 Reglementet til kontroll- og kvalitetsutvalet – endringar etter ny kommunelov**
- 11/20 Referat- og orienteringssaker 10.06.20**

#### Eventuelt

Aksdal, 05.06.20

Lars Øyvind Alvestad (sign.)  
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Rådmann (invitert (kalla inn))  
Varamedlemmer (til orientering)  
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	12.02.20	<b>1/20</b>
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 20.11.19

### Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 20.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.

**Vedlegg:** Protokoll frå møtet 20.11.19

### Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 20.11.10 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 05.02.20

Toril Hallsjø  
*Utvalssekretær*

## BOKN KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag **12. februar 2020** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Lars Øyvind Alvestad.

<b>MØTESTAD:</b>	Boknatun, møterom 1. etasje
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 20.25
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Lars Øyvind Alvestad (Ap), Anne Løvereide Faye (Ap), Catharina Øvrebø (Sp), Kim Erik Larsen (H) og Hans Jørgen Ognøy (KrF)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN:</b>	Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte AS Bergen
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Kommunalsjef Ingrid Sofie Rundhaug
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	Ingen

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 1/20    GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 20.11.19**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Bokn kontrollutval 20.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

##### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:**

*Protokoll frå møtet i Bokn kontrollutval 20.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.*

## SAK 2/20 PLAN FOR ORIENTERINGER OM RAMMEOMRÅDA OG STABSFUNKSJONANE

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orientering om rammeområda og stabsfunksjonane:

Møtet 06.05.20	Rådmannen.
Møtet 09.09.20	Kommunalsjef
Møtet 11.11.20	Seksjonssjef
1. møte 2021	Kommunalsjef
2. møte 2021	.....

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

### Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:

Utvalsleiar innleia. Han støtta framlegget om orienteringar. Kommunalsjef Rundhaug opplyste at kommunestyret hadde tilsett Ingeborg Skjølingstad som ny rådmann. Ho vil truleg vere på plass i mai. Ny organisering vil no tre i funksjon frå 01.03.20. Ansvarsområdet for kommunalsjef tenester vert delt opp. Ho sjølv vil fortsette som kommunalsjef for skule og oppvekst og Grethe Heimvik vil bli kommunalsjef for helse og omsorg.

Utvalet drøfta framlegg om kven dei ønskte skulle bli invitert framover. Sekretær opplyste at ny sak kunne bli lagt fram for utvalet neste år. Utvalet slutta seg til framlegga.

### Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orientering om rammeområda og stabsfunksjonane:*

<i>Møtet 06.05.20</i>	<i>Rådmannen (påtroppande og/eller avtroppande)</i>
<i>Møtet 09.09.20</i>	<i>Kommunalsjef skule og oppvekst Ingrid Sofie Rundhaug</i>
<i>Møtet 11.11.20</i>	<i>Kommunalsjef helse og omsorg Grethe Heimvik</i>

*Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.*

*Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

## SAK 3 /20 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET - ÅRSMELDING 2019

### Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2019. slik ho ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2019 til orientering.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:**

Nestleiar gjorde merksam på at det mangla parti etter hennar namn. Sekretær lova rette dette opp. Utvalet slutta seg så til innhaldet. Årsmeldinga blei så underskriven av leiar.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2019 slik ho ligg føre.*

**og innstilling til kommunestyret:**

*Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2019 til orientering.*

**SAK 4/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 12.02.20**

1. Statusrapport pr. januar 2020
2. Komm.styrevedtak 17.12.19, sak 61 - Namneendring til Bokn kontroll- og kvalitetsutval
3. Rekneskapstall 2019 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
4. Fylkesmannen i Rogaland – informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2020
5. Fylkesmannen i Rogaland – tilsynskonferanse 14.02.20
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 27.11.19
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
8. Innkalling til representantskapsmøtet i Haugaland Brann og redning IKS 05.02.20
9. Tilbakemelding/evaluering - konferansen i Sandnes 09.01.20
10. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontrollutval i Rogaland 2019
11. Tilbakemelding/evalu. – NKRF - Kontrollutvalskonferansen 29.-30.01.20
12. Årsrapport og skatterekneskap 2019 - skatteoppkrevjaren i Bokn kommune
13. Fagkonferanse –Forum for kontroll og tilsyn 3.-4.06.20 - Gardermoen

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:**

Sekretær gjorde greie for sakene. Utvalet var nøgd med samlinga i Sandnes. Leiar og nestleiar opplevde konferansen på Gardermoen som svært bra organisert og med interessante tema. Foredraga er filma og kan sjåast via [www.nkrf.no](http://www.nkrf.no). Medlemmer som ønskjer å reise på FKT-konferansen i juni må gje beskjed til sekretariatet innan påmeldingsfrist 08.04.20. Leiar og sekretær koordinerer påmelding.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 1 – 13 til orientering.*

*Leiar og sekretær koordinerer påmelding til FKT-konferansen dersom nokon meldar si interesse for å delta.*

## **SAK 5 /20 ARBEIDET MED FORVALTINGSREVISJON OG EIGARSKAPS-KONTROLL 2020-2024 – PROSESSMØTE 1 MED RISIKOSPEL**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.

Utvalet kjem tilbake til saka når Deloitte sine ROV-vurderingar og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er ferdige og prosjekta skal prioriterast.

### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:**

Forvaltningsrevisor Gåsemyr orienterte om bakgrunn for arbeidet og vidare opplegg for kvelden. Utvalet deltok så aktivt med i spelet ved å sette små brikker på eit stort Brett. Medlemmane kom med sine vurderingar og kommentarar underveis. Revisor noterte seg desse. Kommunalsjefen svarta på spørsmål frå utvalet, og kom med saksopplysningar under spelet.

Utvalet fant det interessant å kunne føre fram sitt syn om kor kommunen har utfordringar og kor det burde bli sett inn revisjon. Revisor vil så utarbeide analyse og lage utkast til nye planar.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 12.02.20:**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.*

*Utvalet kjem tilbake til saka når Deloitte sine ROV-vurderingar og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er ferdige og prosjekta skal prioriterast.*

### **EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

#### Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **6. mai** 2020.

Bokn, 12. februar 2020

Lars Øyvind Alvestad  
leiar (sign.)

Toril Hallsjø  
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	10.06.20	2/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

## ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - RÅDMANNEN

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå rådmannen om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.*

### Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 12.02.20, sak 2/20 følgjande:

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orientering om rammeområda og stabs-funksjonane:*

*Møtet 06.05.20 Rådmannen (påtroppande og/eller avtroppande)  
Møtet 09.09.20 Kommunalsjef skule og oppvekst Ingrid Sofie Rundhaug  
Møtet 11.11.20 Kommunalsjef helse og omsorg Grethe Heimvik*

*Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.*

*Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

Orienteringene er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei oversendt rådmannen 14.02.20. Etter avtale 19.05.20 med nyttilsett rådmann Ingeborg Skjølingstad, vil ho stille på møtet for å orientere om sitt arbeids- og ansvarsområde.

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg.

Det er greit, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 03.06.20

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	10.06.20	8/20
Kommunestyret	16.06.20	/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SJUKEFRÅVER I SKULE OG BARNEHAGE»

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

*Bokn kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om utsatt oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjuefråver i skule og barnehage» til orientering.*

*Rådmannen gjer ny tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 7 månader og seinast 15.01.21.*

### Bakgrunn

Bokn kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 14.05.19, sak 17/19 følgjande:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Sjuefravær i skule og barnehage i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Føremålet med prosjektet var å undersøke korleis Bokn kommune arbeider med å redusere sjukefraværet innan skule og barnehage og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar.

Revisjonen hadde følgjande tilrådingar:

1. *sikra systematisk oppfølging av IA-avtalen i samsvar med gjeldande avtale,*



2. **sikra at målsettingar for sjukefråværsarbeidet er oppdaterte, og vurderer å utarbeide eigne mål og tiltak knytt til sjukefråvær i barnehage og skule slik at desse er tilpassa verksemdene,**
3. **sikra at hovudverneombod blir valt og at det blir skriva referat frå møta i arbeidsmiljøutvalet.**

Revisjonen hadde òg kome med følgjande merknader:

**Undersøkinga viser at Bokn kommune har god oversikt over sjukefråværet og årsakene til sjukefråvær i skule og barnehage. Revisjonen meiner vidare at Bokn kommune har sett i verk gode tiltak for å sikre at sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket.**

**Samtidig meiner revisjonen at det ikkje er tilfredstillande at kommunen ikkje har følgt opp IA-avtalen for perioden 2014-2018. Det er ikkje utarbeidd handlingsplan med tiltak saman med dei tilsette som ledd i oppfølginga av avtalen, og målsettingar for sjukefråværsarbeidet er ikkje oppdaterte.**

**Revisjonen vil vidare understreke viktigheita av at kommunen sikrar at arbeidsmiljøutvalet (AMU) fungerer tilfredstillande. Per februar 2019 har kommunen ikkje hovudverneombod og det er ikkje skriva referat frå dei tre møta AMU hadde i 2018.**

### **Oppfølging/tilbakemelding**

Sekretariatet etterlyste tilbakemelding på nyåret 2020 for å få saka opp i februarmøtet og seinare til maimøtet, som så blei utsett til juni.

Rådmannen har i oversending, dagsett 03.06.20, no kome med tilbakemelding:

**Bokn kommune har hausten 2019 arbeida med desse anbefalingane, og det er laga ein framdriftsplan for oppfølging.**

**Kommunen hadde ei målsetting om å iverksetje eit arbeid knytta til handlingsplanar med mål og tiltak for IA arbeid som er utvikla som følge av anbefalinga i punkt 2.**

**Diverre har kommunen siste halve året vore i ein situasjon med personalmangel både på skulen knytt til rektorstillinga og i sentraladministrasjonen knytt til personalsjefstillinga. Dette har gjort at det ikkje har vore tilstrekkeleg kapasitet for å iverksetje dette arbeidet. I mars vart kommunen og råka av koronasituasjonen og kommunen måtte ha fokus på beredskapen knytta til dette.**

**Bokn kommune vil difor setje i gong med arbeidet som er nedfelt i handlingsplanane knytt til IA arbeid frå hausten 2020.**

Frå kommunalsjef Rundhaug blir det opplyst at det ikkje har vore avholdt AMU-møter i 2020. Dette heng saman med bemanningssituasjonen i sentraladministrasjonen som beskrevet. Hovudverneombod er valt og det fungere slik det skal i følgje ho.

**Sekretariatet sine kommentarar**

I følge kommunelova § 23-2 bokstav e og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan også rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette verkar å vere aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå rådmannen viser at tilrådingane om å setje i verk tiltak ikkje til no er følgt opp. Ho skriv at arbeidet som er nedfelt i handlingsplanane knytt til IA-arbeid er tenkt å setje i gong frå hausten 2020.

Sekretariatet vil med dette gjere framlegg om at det blir gjeve ny tilbakemelding innan 7 månader og at det blir sett frist til 31.01.21, slik at saka kan leggjast fram for kontroll- og kvalitetsutvalet sitt møte på nyåret og til kommunestyret i marsmånad.

Aksdal, 04.06.20

Toril Hallsjø  
*Daglig leiar/utvalssekretær*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	10.06.20	9/20
Formannskapet	august	
Kommunestyret	før 15.09.20	
<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	212	

## UTTALE TIL BOKN KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP 2019 – KONTROLLUTVALET SIN UTTALE – NY UTGAVE

### Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

*Bokn kontroll- og kvalitetetsutval vedtek vedlagte uttale til Bokn kommune sitt årsrekneskap 2019 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.*

*Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 31.12.20 på korleis merknadene frå revisor er følgt opp.*

### Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet
2. Rekneskapen 2019 (hovedoversyn for drift og investering og skjemaer)
3. Melding frå revisor, uttale til årsrekneskapen 2019, dagsett 04.06.20
4. Revisjonsrapport for årsrekneskapen 2019/ brev til leiinga nr 9, dagsett 03.06.20
5. Årsmelding 2019 (eige hefte) – oppdatert versjon pr juni

### Innleiing

Vedlagt følgjer Bokn kommune sin årsrekneskap for 2019 med noter og årsmelding for 2019 (separate hefter). Rekneskapstala blei fyrste gong oversendt pr 15.05.20, men det er oversendt nye rekneskapstal pr 03.06.20 .

Deloitte si revisjonsmelding, dagsett 04.06.20 og revisjonsrapport nr 9 for årsrekneskapen, dagsett 03.06.20 følgjer som vedlegg 4 og 5 i saka. Oppdragsansvarleg revisor vil vere til stades når utvalet handsamar årsrekneskapen.

### Bakgrunn

Det går fram av ny forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

*«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».*

Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet, før det vert handsama i formannskapet. Kontrollutvalet skal i tillegg etter same forskrift påse at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp.

Dersom påpekingene ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

#### Ny frist i år

Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast 15. april i følge § 24-8, men i år har Stortinget for å avhjelpe konsekvensene av utbrotet av Covid-19 vedtatt ei midlertidig lov om unntak frå kommunelova, IKS-lova og partilova den 14.04.20. Av fleire tiltak kan nemnast § 6:

#### **§ 6 Frister for regnskapsrevisor og vedtak om årsregnskap og årsberetning**

*Regnskapsrevisor skal senest 15. juni 2020 avgi revisjonsberetning til årsregnskapene og årsberetningene for 2019.*

*Årsregnskapene og årsberetningene for 2019 skal vedtas senest 15. september 2020.*

*Regnskapsrevisor skal senest 15. september 2020 avgi en skriftlig uttalelse om resultatet av den forenklede etterlevelseskontrollen etter kommuneloven § 24-9.*

Administrasjonen har etter kommunelova normalt frist med levering av årsrekneskapen seinast 22. februar (ei veke meir enn i den gamle lova) og årsberetninga til 31. mars, slik at revisor skal, etter normale omstende, få levert revisjonsmelding innan 15. april.

Rådmann Nygaard skreiv i e-post 15.04.20 følgjande til sekretariatet:

*Som følge av langvarig sykemelding hos kommunalsjef administrasjon som også innehar stillinga og funksjonen som økonomisjef i Bokn, har økonomiavdelinga gjennom vinteren og våren slitt både med kapasitet og kompetanse i forhold til avslutning av kommune-regnskapet.*

*I tillegg har driftssituasjonen som følge av Covid – 19 viruset vært særdeles krevende og det har vært vanskelig å opprettholde ordinær drift eller ordinær effektivitet.*

*I møte med revisor Else Holst-Larsen tirsdag 7. april gikk vi gjennom sentrale deler av regnskapet. Vi måtte da erkjenne at det fortsatt var vesentlige deler av regnskapet som ikke var ferdig – noe som også gjør det vanskelig å ferdigstille årsmeldingen.*

*Else Holst-Larsen informerte om midlertidig forskrift om utsatte regnskapsfrister i kommunal sektor som følge av Covid – 19 viruset, der frist for å avgi revisjonsberetning utsettes fra 15. april til 15. juni og frist for kommunestyret sin godkjenning av regnskap forskyves tilsvarende fra 30. juni til 15. september.*

*På denne bakgrunn ser vi oss nødt til å bruke noe mer tid på avslutning av regnskapet og årsmeldinga. Det legges derfor opp til at regnskap og årsmelding ferdigstilles innen 15. mai, slik at revisjonsberetning kan avgis av revisor innen fristen 15. juni.*

*Dette innebærer at regnskap og årsmelding trolig ikke vil kunne bli behandlet av kontrollutvalg og formannskap før sommeren, men at det må legges opp til møter i første del av august for at kommunestyret skal kunne behandle regnskap og årsmelding innen fristen 15. september.*

Det vil difor vere trong for å nytte den midlertidige lova i Bokn kommune, men det er håp om at revisjonsmeldinga ligg klår til junimøtet slik at utvalet ikkje treng å setje ny møtedato i august. Utvalet sin uttale til årsrekneskapen må vere klår for formannskapet innstiller til vedtak.

### **Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:**

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Bokn kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2019 med notar, revisjonsmeldinga og rådmannen si årsmelding.

### **Årsrekneskapen**

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på nær 8,8 mill. kr.

Avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skuldast at driftsinntektene auka 18,5 mill kr og driftsutgiftane auka med 13,9 mill. kr, frå 88,8 mill. kr i opphavelg budsjett til 105,3 mill kr i rekneskap.

**Netto driftsresultat** er det same som brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnadar. **Netto driftsresultat** for 2019 blei på nær 7,8 mill.kr. Det er 6,8 % av brt. dr. inntektene.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som eit mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk beregningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør liggje på minst **1,75 %**. Kommunen sitt snittdriftsresultat for 2019 er med dette godt øve TBU sitt tilrådde nivå.

### **Resultata i andre kommunar**

Kostra-tala frå SSB viser eit samla snitttal for netto driftsresultat på 1,7 % i 2019. Det er ein nedgong frå 2018. [Teknisk beregningsutvalg \(TBU\)](#), kor Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi.

Ifølge tala frå SSB, har landet, utanom Oslo, netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på 1,2 % i 2019, mot 2,2 % i 2018. Både Kostra-tall og regnskapsundersøkelsen til KS viste/viser at spredningen i netto driftsresultat er stor.

Kommunene som hadde/har høgast netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter var: Aukra (26,9 %), Hjartdal (16,3), Vevelstad (12,5), Bykle (11,3), Lurøy (9,8), Suldal (9,7), Åseral (8,6), Forsand (7,9), Beiarn (7,9) og Bokn (7,8, nå nedjustert til 6,8).

178 av 405 kommunar hadde/har negativt netto driftsresultat i følge Kostra-talene. På botn av oversikta er kommunane:

Torsken (-21,5 %), Ibestad (-13,0), Berg (-11,3), Snillfjord (-11,3), Audnedal (- 10,8), Tranøy (-10,6), Leikanger (-10,2), Hobøl (-9,5), Halså (-8,1 og Moskenes (-8,0 .

Mange av dei mindre og mellomstore kommunane er dei som strever. Kommunane med 5.000-10.000 innbyggjarar hadde svakast resultat. Driftsutgiftene for 3 år på rad auka meir enn driftsinntektene. Dette, saman med nedgang i inntekter frå havbruksfondet i 2019, er dei viktigste årsaka til nedgangen i netto driftsresultat frå 2018 til 2019.

Driftsutgiftene innan pleie- og omsorg er det som trekk opp veksten i kommunane: ei auke på meir enn 3 milliarder kroner utover lønns- og prisvekst og dermed langt meir enn befolkningsutviklinga skulle tilsei.

Resultatnedgangen dempast likevel noko av at netto finansutgifter blei redusert frå 2018 til 2019. Dette har samanheng med auka avkasning på finansielle instrument og auka utbytteinntekter som meir enn oppveide auka i utgiftene til avdrag.

Haugalandskommunane sine resultat varierer frå 1,2 % (Sveio) til 9,7 % (Suldal).

### **Bokn kommune**

Årets resultat på 6,8 % for Bokn kommune er litt under resultatet i fjor (8,4 %), men lagt over landssnittet på 1,7 %.

Rådmannen forklarar Bokn sin økonomi i 2019 godt og utfyllande i sin årsmelding, som følger saka som vedlegg 6.

Rådmannen kommenterer situasjonen om drift og økonomi slik:

*Bokn kommune har i mange år, som fylgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond.*

*Rekneskapen for 2019 viser at nytt inntektssystem som blei innført frå 2017 gradvis reduserer rammetilskottet og svekker den kommunale økonomien. Ekstraordinære inntekter frå Havbruksfondet gir likevel Bokn eit stort netto driftsresultat i 2019 som det også gjorde i 2018.*

*Særleg med tanke på at budsjettet for 2019 hadde ubudsjetterte kostnader på mellom 5 og 6 mill til iverksetting av nødvendig tiltak innan pleie- og omsorg, vart det økonomiske resultatet for 2019 særdeles godt. Som fylgje av desse høge uforutsette kostnadene fekk Bokn kommune eit ekstraordinært tilskott i 2019 på 1,5 mill kroner frå Fylkesmannen. Nettokostnadene vart likevel høge.*

*Dei siste åra har Bokn hatt ei dårlegare inntektsutvikling enn mange andre kommunar. Dette er i all hovudsak relatert til nytt inntektssystem, demografisk endringar og folketalsutviklinga. Låg folketalsutvikling betyr òg lågare inntekter frå gassbasert industri sidan denne inntekta blir fordelt mellom Tysvær og Bokn etter folketal.*

*Med ei folketalsvekst i 2019 på 1,4% har ein snudd denne negative trenden.*

*Rekneskapen for 2019 viser eit samla mindreforbruk på kr. 7.586.024,- mot kr. 8.128.488,- i 2018. Det vises elles til kommentarane under det enkelte rammeområde.*

*Dei samla inntektene for Bokn frå 2018 til 2019 auka med i alt ca. 8,66 mill. kroner tilsvarande 8,22 %. Den sterke inntektsauken skuldast ekstraordinær overføring frå Havbruksfondet på ca. 6 mill. kroner, auke i skatteinntekter, auke i eigedomsskatt og ekstraordinært skjønstilskot som følgje av høge kostnader til tunge brukarar. Folketalsveksten på heile 1,4 % hadde også betydning.*

Sum avsetjinger syner 8,3 mill. kr, medan bruk av avsetjingar er på 8,1 mill kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 9,7 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringstransaksjonane på 98,5 mill. kr. Av desse er 79, 1 mill satt av til investeringsfond eller sal av aksjer i Haugaland Kraft AS. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (eit overskot) på kr 7,7 mill.**

### **Notar**

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

### **Årsmelding**

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Det er krav om at rådmannen skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen. Det skal også vere med noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsmeldinga gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i meldinga. Kommunen har i år, som tidligare år, laga ei god og informativ årsmelding.

### **Generelt om innhaldet i ei revisormelding**

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

### **Revisor si revisjonsmelding**

Revisor har kome med såkalla »rein» melding, dvs utan atterhald og presiseringar. Revisor konkluderer med i meøding dagsett 04.06.20 2at:

*Rekneskapen for 2019 viser eit samla mindreforbruk på kr. 8.726.654,- mot kr. 8.128.488,- i 2018. Det vises elles til kommentarane under det enkelte rammeområde.*

*Dei samla inntektene for Bokn frå 2018 til 2019 auka med i alt ca. 8,66 mill. kroner tilsvarande 8,22 %. Den sterke inntektsauken skuldast ekstraordinær overføring frå Havbruksfondet på ca. 6 mill. kroner, auke i skatteinntekter, auke i eigedomsskatt og ekstraordinært skjønstilskot som følgje av høge kostnader til tunge brukarar. Folketalsveksten på heile 1,4 % hadde også betydning.*

Sum avsetjinger syner 8,3 mill. kr, medan bruk av avsetjingar er på 8,1 mill kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 9,7 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringstransaksjonane på 99,6 mill. kr. Av desse er 79, 1 mill satt av til investeringsfond eller sal av aksjer i Haugaland Kraft AS. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (eit overskot) på kr 8,7 mil.** ( kan bli endra)

### **Notar**

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

### **Årsmelding**

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Det er krav om at rådmannen skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen. Det skal også vere med noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsmeldinga gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i meldinga. Kommunen har i år, som tidligare år, laga ei god og informativ årsmelding.

### **Generelt om innhaldet i ei revisormelding**

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

### **Revisor si revisjonsmelding**

Revisor har kome med såkalla »rein» melding, dvs utan atterhald og presiseringar. Revisor konkluderer med at:



*”Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Bokn kommune per 31. desember 2019, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge”.*

### **Årsoppgjersbrev/revisjonsrapport**

Eit årsoppgjersbrev/rapport frå revisor viser forhold som revisor meiner er av ein så vesentleg karakter at det treng oppfølging frå leiinga.

Revisor har i år også kome med årsoppgjersbrev/rapport. Brevet er dagsett 03.06.20 og tar opp følgjande forhold:

- *manglande oppdatert anleggsregister (påtalt i fleire rev.rapporter over mange år),*
- *betydelig avvik mellom rekneskap og budsjett i investeringsrekneskapen*
- *manglande budsjettreguleringar og avslutta rekneskap,*
- *ikkje bokført avrekning mot fond,*
- *manglande føring i noteinformasjon,*
- *overført til bundne fond overskot i sjølvkostrekneskapa for 2018,*
- *det er ikkje bokført avregning mot fond for 2019,*
- *noteinformasjon visar at manglande føringar utgjer ca mnok 1,33, og rekneskapsmessig mindreforbruk i 2019 ville vore tilsvarande lågare dersom regulering av sjølvkostfond hadde skjedd til rett tid,*
- *svakheiter knytta til internkontroll og tilfredstillande arbeidsdeling og*
- *mangalende oppfølging av av budsjett på lønnsområde.*

Rapport, saman med meldinga, dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet må gjere etter forskrifta § 3. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil be om tilbakemelding frå administrasjonen på revisor sine merknader. Utvalet skal også sjå til at oppfølging av revisjonsmerknader blir følgt opp (§ 3, 3 ledd).

Sekretariatet meiner at det er viktig at utvalet ber om tilbakemelding. Det blei ikkje gjort i fjor, då utvalet var samd om ikkje å setje frist for tilbakemelding. Utvalet må og vurdere om det er andre forhold i rekneskapen det vil kommentere til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringane i møtet.

For oppfølging av årsoppgjersbrevet for tidligare rekneskapsår har det vore settt frist til 1. september, men det bør gjerne i år setjast ein lengre frist, då rekneskapsavslutninga har voreer skjøve ut i tid.

I møtet vil revisor gje ei munnleg orientering i møtet om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret/rapporten.

Rådmannen vil i kontrollutvalsmøtet gje ei nærmare gjennomgang om kva som ligg bak årets resultat.

**Forenkla etterlevelseskontroll**

Revisor skal – i tråd med ny kommunelov § 24-9, i tillegg sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak går føre seg i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggest fram for kontrollutvalet.

Revisor skal seinast 30. juni gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til rådmannen, om resultatet av denne kontrollen. Denne vil bli sendt til kontrollutvalet til hausten.

**Kontrollutvalet sin uttale**

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1). Den er stort sett lik den som var i fjor, men med eit tillegg

Utvalet tok i 2018 inn i uttalen eit tillegg for å understreke alvoret for kommunen framover:

*«Den økonomiske situasjonen for kommunen må likevel vurderast nøye framover da kommunen sin økonomi er sårbar når gjeld rammetilskot og innbyggjartal».*

Sekretariatet har ikkje tatt det med i år, med bakgrunn i at folketalsutviklinga i fjor var positiv, men det nye inntektssystemet for kommuesektoren, som Stortinget vedtok våren 2016, medfører at Bokn får redusert sine inntekter og vil gi kommunen utfordringar med å opprettholde dagens tenestetilbod.

Sekretariatet har på bakgrunn av revisjonsrapporten i år tatt inn i framlegg til uttale følgjande tillegg:

*«Kontroll- og kvalitetsutvalet merker seg manglande oppfølging av budsjett, spesielt på lønnsområdet og manglande føringar i rekneskap.*

*Kontrollutvalet finn difor grunn til å gje særskilt merknad om at det i kommunelova §14-4 er stilt tydeleg krav om realisme i budsjett og økonomiplan og krav i kommunelova § 25-1 til internkontrollen i kommunen.»*

Kontrollutvalet må også vurdere om det er andre forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 05.06.20

Toril Hallsjø (sign.)

*Dagleg leiar/utvalssekretær*

**Til**  
**Bokn kommunestyre**

## **Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2019**

### **Innleiing**

*Kontroll- og kvalitetsutvalet har i møte 10.06.20, sak 9/20 handsama Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2019.*

*Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.*

### **Grunnlaget for uttalen**

*Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, dagsett 04.06.20 og revisor si revisjonsrapport nr 9, dagsett 03.06.20 og rådmannen si oppdaterte årsmelding for 2019.*

*I tillegg har oppdragsansvarleg revisor og rådmannen supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaming av årsrekneskapen i kontrollutvalet.*

### **Kontrollutvalet sin uttale:**

*Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2019 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 7.586.024.*

*Kontroll- og kvalitetsutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 7,7 mill. kr, som utgjør 6,8 % av driftsinntektene. Det er godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2019 meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2019 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2019 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.19.*

*Kontroll- og kvalitetsutvalet merker seg manglande oppfølging av budsjett, spesielt på lønnsområdet og manglande føringar i rekneskap. Kontrollutvalet finn difor grunn til å gje særskilt merknad om at det i kommunelova § 14-4 er stilt tydeleg krav om realisme i budsjett og økonomiplan og krav i kommunelova § 25-1 til internkontrollen i kommunen.»*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2019.*

Bokn, 10 juni 2020

Lars Øyvind Alvestad  
Leiar  
Kopi: Formannskapet

Til kommunestyret i BOKN kommune

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Vi har revidert BOKN kommunes årsregnskap som viser kr 83.360.431 til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 7.586.024. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2019, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til BOKN kommune per 31. desember 2019, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

Prosjekt	Vedtatt kostnadsramme	Regnskapsført tidligere år	Regnskapsført i år	Sum regnskapsført	Gjenstår av kostnadsramme
Telefonsentral	250 000				250 000
6211 Vassverk	21 500 000	21 083 965	97 927	21 181 892	318 108
9002 Utleigebust	700 000	497 614		497 614	202 386
9003 Sjukestova	1 100 000	224 307		224 307	875 693
9004 Nye eldrebust.	51 000 000	45 806 177	6 038 881	51 845 058	-845 058
9032 Føresvikvei	4 000 000	292 073		292 073	3 707 927
9404 Overvatn	600 000	777 328		777 328	-177 328
6023 Trafikksikring		434 187		434 187	-434 187
9014 Utbygging Bokn Skule	50 000 000	-	690 234	690 234	49 309 766
9018 Komm vassledning nett	8 000 000	-	1 880 584	1 880 584	6 119 416
9019 Høydebasseng Vågaheia		-	319 199	319 199	-319 199
9020 Vatnaland/Jøsang vassledning nett		-	664 463	664 463	-664 463
	<b>137 150 000</b>	<b>69 115 651</b>	<b>9 691 288</b>	<b>78 806 939</b>	<b>58 343 061</b>

Prosjekta 9002 og 9003 er brannsikring av omsorgsbustader og sjukeheim, desse to prosjekta er overført til prosjekt 9004.

6023 Trafikksikring er delvis ført i investering og i drift.

## Note 14 Markedsbaserte finansielle omløpsmidler

Kommunen har ingen markedsbaserte finansielle omløpsmidler

## Note 15 Obligasjoner som holdes til forfall

Kommunen har ingen obligasjoner.

## Note 16 Langsiktig gjeld og avdrag

Kommunen beregner minste tillatte avdrag jf. kommuneloven (koml) § 50 nr. 7, ved å :

Beregne minste tillatte avdrag på lån etter en forenklet formel. Avskrivningene beregnes som sum langsiktig gjeld dividert på sum anleggsmidler (jf. koml § 50 nr. 1 og 2) multiplisert med årets avskrivninger i driftsregnskapet. Denne forenklete formelen gir et minstekrav til avdrag som tilsvarer avskrivninger (kapitalslitet) på lånefinansierte anleggsmidler.

Utgiftsførte avdrag i driftsregnskapet	kr	4 935 356,00
Kapitalslit på lånefinansierte anleggsmidler	kr	3 576 690,73
Avvik (*1)	kr	1 358 665,27

\*1 Et positivt avvik betyr at kommunen betaler tilsvarende mer i avdrag enn det som antas å være kapitalslitet på anleggsmidlene

<b>Fordeling av langsiktig gjeld i kommunen på ulike områder :</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>
Startlån og formidlingslån	21 155 617	12 587 689
Andre utlån	15 000 000	17 600 000
Ubrukte lånemidler		0
Lånegjeld på kommunens øvrige tjenesteområder	106 253 118	109 729 104
<b>Kommunens totale langsiktige gjeld</b>	<b>142 408 735</b>	<b>139 916 793</b>

<b>Fordeling av langsiktig gjeld etter rentebetingelser (heile 1000)</b>	<b>Langs.gjeld 31.12.2019</b>	<b>Gj.sn. rente</b>
Langsiktig gjeld med fast rente :	51 390	2,72 %
Langsiktig gjeld med flytende rente :	91 018	2,41 %
	<b>142 409</b>	

utdrag frå finansreglementet.

b) Bokn kommunestyre meiner at allokeringa av låneporteføljen til kommunen kan vera 1/3 fast rente, 1/3 flytande rente og 1/3 som fordelast etter marknadssituasjonen. Allokeringa skal vera retningsgivande og kan i periodar med store svingningar i rentemarknaden avvikast. Ved avvik over ein periode lengre enn 4 mnd skal kommunestyret orienterast.

## Note 17 Endringer i regnskapsprinsipp

Som en følge av endringer i forskrift om årsregnskap og årsberetning, er virkning av endringer i regnskapsprinsipp i 2007 og tidligere, Konto for endring av regnskapsprinsipp består pr. 31.12.2019 av følgende poster:

	<b>År</b>	<b>Utgift</b>	<b>Inntekt</b>
Utbetalte feriepenger	1993	1 096 599	
Kompensasjon for mva	2001	0	90 136
Tilskudd til ressurskrevende brukere	2008		213 000
<b>Sum bokført mot endring av regnskapsprinsipp (alle tall i hele tusen)</b>		<b>1 096 599</b>	<b>303 136</b>

<b>Dette framkommer i balansen på følgende kontoer</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>31.12.2019</b>
Endring av regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	793 463	793 463
Endring av regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0	0
<b>Sum</b>	<b>793 463</b>	<b>793 463</b>

## Note 18 Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk Udekket udisponert i investeringsregnskapet

Posten regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk under egenkapitalen i balansen er satt sammen som følger:

Regnskapsår (1000)	Mer-forbruk	Mindre- forbruk
2019	0	7 586
	<b>0</b>	<b>7 586</b>

## Note 19 Vesentlige forpliktelser

Kommunen har ingen vesentlige forpliktelser ut over det som kjem fram i det ordinære rekneskapet.

## Note 20 Selvkostområder

	Inntekter	Resultat Kostnader	Over(+)/ underskudd (-)	Årets deknings-grad i % <sup>1)</sup>	Balansen Avsetn(+)/ bruk av (-) deknings- gradsfond <sup>2)</sup>	fremførbart underskudd pr. 31.12
Vann	4 550 508	3 435 857	1 114 651	132,44 %	1 123 918	
Avløp	826 787	637 951	188 836	129,60 %	179 456	
slam	160 501	128 347	32 154	125,05 %	0	269 174

Overskuddet som gjeld avløp vert avsett til fond når kommunestyret har vedtatt dette i rekneskapet.

1) Årets dekningsgrad før ev.avsetning til dekningsgradsfond.

2) Dekningsgradsfondene er bundne driftsfond. Disse kan kun benyttes til dekning av framtidige driftsutgifter på tilhørende selvkostområde. Dekningsgradsfond må benyttes innen en 3-5 års periode.

## Note 21 Antall årsverk og ytelser til ledende personer og revisor

### Årsverk

Antall årsverk i kommunen i regnskapsåret var ca. 90.

Ytelser til ledende personer	2018	2019
Administrasjonssjef	kr 475 564	kr 489 672
Ordfører	kr 558 447	kr 651 834

### Godtgjørelse til revisor

Deloitte har utført revisjon for kommunen. Utgiftene til revisjon i 2019 har vore kr. 141.405,-. Revisjon omfatter regnskapsrevisjon og diverse attestasjonsoppdrag. Forvaltningsrevisjon vedr. plan og byggesak vart utført, (kostnad 85.885,-)

## Note 22 Betingete forhold og hendelser etter balansedagen

Kommunen har ingen forhold ved rekneskapsårets slutt med betinget utfall som f.eks rettsaker og liknande, eller hendingar etter balansedagen.

## Note 23 Samlet ekstern gjeldsforpliktelse

Kommunen er ansvarlig for gjeld i kommunale foretak og en andel av gjeld i interkommunale samarbeid. I tillegg til den gjeldsforpliktelse som følger av kommuneregnskapet, jf. note 12, har kommunen ikkje ansvar for andre gjeldsforpliktelser.

## Note 24 Utgiftsført estimert tap på krav

	2019	2018
Det er utgiftsført for estimerte usikre krav i balansen pr. 31.12:	0	0

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	10.06.20	<b>10/20</b>
Kommunestyret	16.06.20	
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

## REGLEMENTET TIL KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET – ENDRINGAR ETTER NY KOMMUNELOV

### Sekretariatet si innstilling:

*Bokn kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Bokn kontroll- og kvalitetsutval som følgje av kommunelova.*

*Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement (med tillegg/endingar).*

**Vedlegg:** Framlegg til nytt reglement for Bokn kontroll- og kvalitetsutval 2020

### Saksorientering:

#### Bakgrunn

Reglement for kontrollutvalet blei fyrste gong vedteken av Bokn kommunestyre i møtet 14.06.11, sak 14/11. Reglementet hadde bakgrunn i tilråding frå kommunaldepartementet om at kommunane burde ha eigne reglement for kontrollutvalet.

Kommunelova har seinare blitt endra i 2012 og 2013, som fekk innverknad på reglementet. Reglementet blei då endra i 2014 etter kommunestyrevedtak 14.10.14, sak xx/14, etter innstilling frå kontrollutvalet same haust.

Kommunelova har no over fleire år hatt ein omfattande revisjon og blei vedtatt av Stortinget 22. juni 2018 med verknad frå ny kommunestyreperiode hausten 2019. Dette gjer at reglementen på nytt vert lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret for ny revidering. I følgje departementet bør reglement uansett bli gjennomgått og revidert minst ein gong kvar valperiode.

Endringar i vedlagt reglement er markert ved at dei er stroke over, og nytt framlegg og ny tekst er farga med rød skrift.

Reglementet er delt inn i 8 kapittel. Det omhandlar mellom anna om formål med å ha kontrollutval, val og samansetting, oppgåver, møte- og sakshandsamingsreglar og andre tilhøve. Kapittel 8 om høyring var nytt i 2014.



Endringane er som nemnt grunna i at kommunelova er endra og ny forskrift om kontrollutval og revisjon (no i felles forskrift) blei utarbeida i 2019.

Utvalget fekk nytt namn av kommunestyret i møtet 17.12.19, sak 61/19 etter innstilling frå kontrollutvalet. Reglementet er i stor grad retta når det gjeld namnet.

#### Kontrollutvalet sine verkemidlar

Kontroll- og kvalitetsutvalet har ein rekkje verkemidlar for å utføre sitt arbeid og vide heimlar for å skaffe seg den informasjon som dei treng for å klårlegge i kontroll saker. Utvalet må i kvart tilfelle vurdere om ei sak i tilstrekkeleg grad er klårlagt, spesielt dersom ressursane ikkje strekkjer til eller er mangelfulle. Eventuelt må utvalet ta opp med kommunestyret om å få tilført ekstra midlar.

Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og kan iflg. kommunelova § 23-2:

*”kreve at kommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å gjennomføre sine oppgaver. Kontrollutvalget kan også gjennomføre undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette leddet.*

*Kontrollutvalget har rett til å være til stede i lukkede møter i folkevalgte organer i kommunen.*

Kontroll- og kvalitetsutvalet har ulike måtar å skaffe seg informasjon på. Frå «verktøykassa» kan her nemnast (rankert etter kva som er minst og mest ressurskrevjande):

- orientering frå rådmann/kommunedirektør og andre tilsette i møte,
- informasjonsinnsamling av sekretariatet,
- undersøking/avgrensa undersøking av revisor,
- forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll,
- gransking av eit spesielt tilfelle innanfor eit område eller
- høyring i regi av kontrollutvalet.

Høyring vil seie at kontrollutvalet i møte skaffar seg informasjon i ei sak ved å be bestemte personar til å uttale seg munnleg, på spørsmål frå medlemmene. Det er berre eit fåtall kommunar i landet som har nytta dette, og inga kommunar på Haugalandet. Frå dei kommunane som har gjennomført høyringar er røynsla at dette er svært krevjande å gjennomføre, og avhengig av sakstype, kan stille store krav til kontrollutval og sekretariat.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) utarbeida i 2014 ein rettleiar og framlegg til reglement, som blei tatt inn som kap. 8. Kommunelovutvalet har seinare meint at det ikkje var naudsynt med nasjonale reglar, men oppmoda kommunar som skal gjennomføre høyring om å fastsetje lokale reglement.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og endring av reglement må difor bli vedteke der. Saka er også med å legitimere kontrollutvalet si bruk av sine verkemiddel og til at kommunen og dei folkevalte blir betre kjend at desse virkemidla kan nyttast.

Ordet «tilsyn» er tatt ut av reglementet for å skilje mellom kommunen sitt kontrollarbeid og den kontroll som fylksmannen eller andre statlige tilsynsmyndigheiter gjer gjennom sine tilsyn, tilsvarande som i kommunelova.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet har vurdert det slik at det vil vere nyttig for utvalet å fortsatt ha sitt eige reglement. Sjølv om ein del reglar, som før var ulovfesta, er komen inn i den nye kommunelova, er det fortsatt greitt å ta dette inn i reglementet for nærare utdyping og supplement.

Aksdal, 03.06.20

Toril Hallsjø (sign.)

*Dagleg leiar/utvalssekretær*

# Reglement

## for

# Bokn kontroll- og kvalitetsutval

Vedtatt av Bokn kommunestyre 1406.11, sak 14/11, endra 14.10.14, sak 28/14 og 16.06.20, sak xx/20

### VIRKEOMRÅDE

~~Lov 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedtatt av kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 (kontrollutvalsforskrifta) gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.~~

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval og revisjon, vedteken av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 17. juni 2019 med heimel i kommunelova § 23-2, § 24-2 og § 24-4 gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande reglement:

### INNLEIING

Kommunestyret har det øvste tilsynet ~~ansvaret for å kontrollere med den kommunale forvaltninga~~ **kommunen si verksemd**, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjere om vedtaket, jf. kommunelova § ~~76~~ **§ 22-1**.

### 1. KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det/den løypande tilsynet **kontroll** med ~~forvaltninga~~ **kommunen si verksemd**, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontroll- og kvalitetsutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal drive politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøve politiske prioriteringar gjort av ~~andre~~ **kommunen sine** folkevalte organ **eller andre kommunale organ, jf. forskrifta § 1**.

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontroll- og kvalitetsutvalet sine medlemmer og varamedlemmer ~~vert tilbydt~~ **har rett på** deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring, tilsvarande som for kommunestyremedlemmene.

## 2. FØREMÅL

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal medverka til å sikre at det er allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen sine årsrekneskaper vert revidert på ein trygg måte,
- det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga er i samsvar med lov og vedtak,
- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgaver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale forvaltninga verksemda,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad.

## 3 VAL OG SAMANSETTING

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal ha minst 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemmane i kontroll- og kvalitetsutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiarar bør veljast frå eit av dei partia som utgjør opposisjonen. Utvalsleiar kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordføraren. Det bør takast omsyn til kontinuitet i utvalet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av kommunal nemnd folkevald organ med avgjerdsmynde og tilsette i kommunen. Utelukka frå val er òg styremedlemmer personar som har leiarstilling, eller er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i et selskap som kommunen har eigarinteresser i kommunal eigde selskap, samt styremedlemmer i selskap som kommunen driv saman med andre kommunar eller i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefelleskap.

Kommunestyret kan når som helst skifte ut kontroll- og kvalitetsutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

## 4. GENERELL INSTRUKS

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal følgje lov og forskrift og - så langt det høver- dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Bogn kommune, jf. reglement for kommunestyret, formannskap og faste utval vedtatt av kommunestyret 31.03.20, sak /20.

### 4.1 Teieplikt

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontroll- og kvalitetsutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontroll- og kvalitetsutvalet sin medlemmer og varamedlemmer skriv under eigen teieplikterklæring.

### 4.2 Etikk

Utvalet skal ha fokus på kommunen sine etiske retningslinjer og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppmoda til registrere seg i KS sitt styrevervregister.

## 5. OPPGÅVER

Kontroll- og kvalitetsutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvar for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova § 23. § 13-1. Utvalet skal føra tilsyn kontroll med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

### 5.1 Internkontroll

Kontroll- og kvalitetsutvalet fører tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine verdier kontroll med at kommunen si verksemd er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internkontrollopplegg, jf. kommunelova kapittel 25, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

### 5.2 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapane, med kopi til formannskapet. Kopien må vere formannskapet i hende tidnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

### 5.3 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg jamleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

### 5.4 Selskapskontroll Eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet skal kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjere dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyre sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll eigarskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetje reglar for **kontrollutvalet** si kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap **omtalt i kommunelova §23-6 fyrste ledd og kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.**

**Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.**

### **5.5 Gransking**

Kontrollutvalet skal kunne setje i verk gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar.

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

### **5.6 Orientering frå rådmannen/kommunedirektøren**

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre ~~tilsyn med forvaltninga~~ **kontroll med kommunen si verksemd** be rådmannen/**kommunedirektøren** orientere om aktuelle saker og tema.

## **6. MØTE OG SAKSHANDSAMING**

Møta i kontrollutvalet haldast for opne dører, jf. kommunelova ~~§ 31~~ **§ 11-5**, så framt utvalet ikkje vedtek noko anna. Vedtaket må vere grunna med gyldig lovheimel.

Dørene skal stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt, jf. Kommunelova ~~§ 31 nr 2~~ **§ 11-5**.

### **6.1 Førebuing / møteinnkalling / saksliste**

Saksliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med saksliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor **med rimeleg varsel**. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen/**kommunedirektøren** får **alltid** tilsendt innkalling med saksliste til orientering, og ~~møte~~ **må møte** når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan bli innkalla til kontrollutvalet for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen bli orientert om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitere eksterne personar for å opplyse eller orientere om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrift, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka *"Ikkje offentleg, jamfør off.lova."* vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

### **6.2 Møtestruktur**

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemmene er til stades under møtet.

Vedtaket vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene set seg imot dette.

### **6.3 ~~Habil/inhabil~~ Inhabilitet for folkevalte**

Kommunelova § 40 nr. 3 § 11-1 gjeld òg kontroll- og kvalitetsutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemmen vere med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet. Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

### **6.4 Melding frå utvalet**

Det skal førast møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlange utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann/**kommunedirektør**, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og ~~bør~~ **skal** vere sendt ut på førehand.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen/**kommunedirektør** når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho **eller som kopi når revisjon eller andre er mottakar.**

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken administrasjonssjef **rådmann/kommunedirektør** eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultatane av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for forvaltningsrevisjon,
- plan for ~~selskapskontroll~~ **eigarskapskontroll**,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportar frå gjennomførte ~~selskapskontrollar~~ **eigarskapskontrollar**,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen,

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast til ordførar.

### **6.5 Oppfølging**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

### **6.6 Fråsegner/uttale**

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

### **6.7 Innsyn og undersøking.**

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syte for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

**Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre kontrollar frå interkommunale selskap etter IKS-lova, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, aksjeselskap der ein kommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller direkte eigar alle aksjar.**

Kontrollutvalet si innsynsrett og rett til å gjere undersøkingar gjeld også overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsyn og undersøkingar skal imidlertid berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakt er oppfylt.

Det ligg føre plikt for rådmannen/**kommunedirektøren** å rapportere eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportere dette vidare til kontrollutvalet.

### **6.8 Rapportering**

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskap vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om ~~selskapskontroll~~ **eigarskapskontroll** vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar, samt at kontrollutvalet legg fram årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

## **7 ANDRE FORHOLD**

### **7.1 Sekretariatet**

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

### **7.2 Bruk av sakkyndig hjelp**

Kontroll- og kvalitetsutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

### **7.3 Budsjett**

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar ~~kontroll- og tilsynsarbeidet~~ **kontrollarbeidet** i kommunen. Kontrollutvalet skal lage framlegg til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til årsbudsjett til kommunestyret **etter kommunelova kapittel 14**.

### **7.4 Møte- og talerett i kommunestyret**

Leiaren og nestleiaren har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Er leiar eller nestleiar hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

### **7.5 Informasjon**

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til handsaming.

### **7.6 Val av revisjonsordning**

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontroll- og kvalitetsutvalet.

### **7.7 Val av revisor**

Dersom kommunestyret vedtek å konkurransetsette heile eller deler av revisjonen, gjer kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontroll- og kvalitetsutvalet.



### **7.8 Val av sekretariatsordning**

Kommunestyret vel sjølv sekretariat for kontroll- og kvalitetsutvalet. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontroll- og kvalitetsutvalet, jf. kommunelova § 23-7.

## **8. HØYRING**

### **8.1 Virkeområde og føremål**

Kontroll- og kvalitetsutvalet kan holde høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Med høyring meiner ein her eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bede om å møte for å få nærare opplyst ei spesiell sak eller eit saksområde.

Formålet med reglementet er å sikre at kontrollutvalet og kommunestyret får den informasjon som dei treng i kontrollsaker, ei god framdrift i høyringa, samstundes som omsynet til dei som blir kalla inn blir teke vare på.

### **8.2 Førebuing av høyring**

Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal vedta at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet være open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa skal være lukka. Vedtaket om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må være grunna med gyldig lovheimel.

Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet venter å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet kunne vente å få grunnlag for kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilte saksførebuande møte. Kontrollutvalet bør gjennomgå dei problemstillingane som dei ønskjer skal bli opplyste, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som det er naudsynt å innhente for å gjennomføre høyringa. Vidare bør det òg bli fastsett ein framdriftsplan for høyringa.

I dei saksførebuande møta fastset kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudspørjarar under høyringa, jf. pkt. 8.4. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudspørjarar også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemmer. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka breitt opplyst.

### **8.3 Den innkalla si stilling**

Rådmannen/**kommunedirektøren** har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan innkallast direkte for å møte til høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og skal ha høve til å vere til stades. Spørsmål skal stillast direkte til den som er innkalla, men rådmannen skal gis høve til å supplere forklaringa om han/ho meiner det er ønskeleg.

Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

Den som blir kalla inn eller invitert til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogleg. Innkallinga skal angi den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglementet skal leggest ved. Det skal vidare opplysast om høyringa skal være open, og at det vil bli tatt referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument, viss ikkje reglar om unntak frå offentlegheit/ teiepliktfastset seier noko anna.

Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er under lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få gje forklaring heilt eller delvis for lukka dører. Dersom det blir sett fram slik oppmoding, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.

Den innkalla skal ha høve til å ha med ein medhjelpar. Den innkalla har rett til å konferere med hjelpar før svar blir gjeve. Dersom møteleiar gjer høve til dette, kan hjelpar supplere forklaringa. Dersom hjelpar krev honorar må betaling av desse utgiftene bli avklart på førehand.

#### **8.4 Gjennomføringa av høyringa**

Kontrollutvalet si leiar skal fyrst orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrane som gjeld. Leiaren ser etter at spørsmåla held seg innanfor det tema som er definert, og at den innkalla sin rettstryggleik blir ivareteke.

Før kontrollutvalet startar si utspørjing, skal den innkalla få inntil 10 minuttar til å gje si versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i så stor grad som det blir sett som naudsynt for å opplyse saka.

Høyringa byrjar med at valt hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemmene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge som dei ber om. Etter at utspørjinga er over, skal den innkalla få høve til å gje ei kort sluttkommentar.

Kontrollutvalet sine medlemmer skal ikkje ha meningsutveksling under høyringa. Medlemmene skal heller ikkje kommentere dei svar som blir gjeve, anna enn der dette inngår som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmeleg åtferd eller spørsmål er ikkje tillate og skal påtalast av møteleiar.

Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa blir avbroten for at kontrollutvalet skal handsame den vidare framdrift, mellom anna framlegg om at høyringa skal avsluttast eller fortsette for lukka dører.

Kontrollutvalet kan berre ta imot teiepliktsopplysningar for lukka dører. Under ei open høyring må kontrollutvalet sine medlemmer ikkje referere eller vise til opplysningar underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

#### **8.5 Etterarbeid**

Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal ha høve til å uttale seg til rapporten, jf. kommunelova § 77 nr. 6 § 23-5. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.

Rapporten oversendast kommunestyret for sluttbehandling, med innstilling frå kontrollutvalet

### **9. IVERKSETJING**

Reglementet trer i kraft straks det er vedteke av kommunestyret.

\*\*\*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	10.06.20	<b>11/20</b>

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

## REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.06.20

### Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 14 – 24 til orientering.*

### Vedlegg:

14. Statusrapport pr. juni 2020
15. Deloitte – forsinket levering av risiko- og vesentlegvurderingane til plan 2020-24
16. Komm.styrevedtak 31.03.20, sak 15/20 - Bokn kontroll- og kvalitetsutval
17. Haugaland Brann og redning IKS – representantskapsprotokoll 23.04.20
18. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsprokoll 27.04.20
19. Haugaland Kraft AS – representantskapsprotokoll 30.04.20
20. Repr.skapsmøte i Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS 27.05.20
21. Repr. skapsmøte i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS 10.06.20
22. Repr.skapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
23. Medlemsinformasjon mai 2020 – Forum for kontroll og tilsyn (FKT)
24. Kommunal Rapport - 22.04.20 – «Hvorfor er tilsyn og kontroll blitt så viktig?»

### Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 03.06.20

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekretær



## Bokn kontroll- og kvalitetsutval

### Statusoversikt juni 2020

#### Saker frå bestilling til behandling i utvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
<i>Nytt prosjekt</i>	Hausten 2020				
<b>Andre saker</b>					
<i>Plan 2020-2024 med ROV-analyse</i>	20.11.19, sak 22/19	83 t.	Forsinka	I løpet av 2020	Deloitte AS v/Kari Gåsemyr

#### Saker under politisk behandling eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
<i>«Sjukefråver i skule og barnehage»</i>	22.05.18, sak 8/18	18.03.19, sak 2/19	14.05.19, sak 17/19	10.06.20, sak	76 t. /6 mnd. etter vedtak
<i>«Rus- og psykiatritenesta»</i>	07.11.18, sak 18/18	22.05.19, Sak 7/19	18.06.19, sak 30/19	Hausten 2020	76 t. /9 mnd. etter vedtak
<b>Eigarskapskontroll</b>					
<b>Andre saker</b>					

#### Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
<i>«Sjukefråver i skule og barnehage»</i>	22.05.18, sak 8/18	18.03.19, sak 2/19	14.05.19, sak 17/19		
<b>Selskapskontroll</b>					
<i>Karmsund Havn IKS</i>	28.02.18, sak 2/18	22.05.18, sak 10/18	19.06.18, sak 25/18	01.10.19, sak 43/19	7 t. av 180 t. KPMG AS
<b>Andre saker</b>					
Personvernlova		22.05.18			
Bokn Arena Event	-	15.02.17			



# Haugaland brann og redning iks

## MØTEPROTOKOLL

### Representantskapet for Haugaland brann og redning iks

<b>Møtested:</b>	Diktervegen 8, Haugesund	
<b>Møtedato:</b>	05.02.2020	
<b>Tid:</b>	13 <sup>00</sup> – 14 <sup>00</sup>	
<b>Saker:</b>	20/001-20/004	
<b>Til stede:</b>	Gerd Helen Bø, leder Jarle Nilsen, medlem Osmund Våga, medlem Linn Therese Erve, medlem Marte Eide Klovning, medlem Ole Johan Vierdal, medlem Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim Svein Ivar Dybdal	Suldal Karmøy Bokn Sveio Utsira Vindafjord Etne Tysvær
<b>Forfall:</b>	Sigmund Lier, medlem Arne-Christian Mohn, nestleder	Tysvær Haugesund
<b>Andre:</b>	Elling Hetland, styreleder Arvid Vallestad, styremedlem Kristin Helle, styremedlem Rune Håheim, styremedlem Ole Martin Nordstrand, styremedlem Harald Hop, styremedlem Josten Førre, rådmann Sveio Sigurd Eikje, rådmann Tysvær Yngve Bergesen, rådmann Vindafjord Alf Magne Grindhaug, varaordfører Karmøy Dag Botnen, daglig leder	
<b>Diverse merknader:</b>	-	
<b>Underskrifter:</b>		
<b>Stad:</b>	Haugesund	
<b>Dato:</b>	05.02.2020	

---

Gerd Helen Bø  
leder

---

Jarle Nilsen  
medlem

---

Osmund Våga  
medlem

---

Linn Therese Erve  
medlem

---

Marte Eide Klovning  
medlem

---

Ole Johan Vierdal  
medlem

---

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim  
varamedlem

---

Svein Ivar Dybdal  
varamedlem

Møteprotokoll er sendt til: 102  
- eierkommuner  
- revisjonen/KPMG  
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

## **SAKSOVERSIKT**

<b>Sak nr</b>	<b>Tittel</b>	<b>Saksbehandling</b>
<b>Sak nr</b>	<b>Tittel</b>	<b>Saksbehandling</b>
20/001	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
20/002	Godkjenning av protokoll 14.11.2019	Vedtak
20/003	Haugesund kommune sin uttredelse av selskapet	Vedtak
20/004	Eventuelt	-

## **SAKSNR. SAKSPROTOKOLL**

### **20/001 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **BRANNSJEFEN SIN ANBEFALING**

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som fremlagt.

#### **Saksbehandling i representantskapet 05.02.2020**

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

#### **VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET**

